



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

30.10.2024

Vår ref:

2024/6572

Dykkar dato:

23.04.2024

Dykkar ref:

201913014 og
202320330

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

Fråsegn til revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa - motsegn mot Røldal 2 og Novle 2 pumpekraftverk - Ullensvang kommune

Tiltak som kan betre trekkvegane eller redusere den samla belastninga for villrein, bør ha høg prioritet i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Vi støttar forslag i konsekvensutgreiinga (KU) om å regulere ferdsel på anleggsvegar i reguleringsområdet, i samråd med regional og lokal villreinforvaltning.

Nye konsesjonssøkte utvidingsprosjekt inkluderer to pumpekraftverk i Vestland fylke. Opprusting og utviding av eksisterande reguleringar kan vere viktige bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging, og kan ofte vere å føretrekkje framfor utbygging av nye vassdrag.

Røldal 2 og Novle 2 pumpekraftverk ser derimot ut til å få vesentlege negative konsekvensar for to villreinområde, og kan kome i konflikt med nasjonale miljøverdiar.

Vi fremjar difor motsegn mot Røldal 2 og Novle pumpekraftverk, med heimel i vassdragsreguleringslova § 12 andre ledd og etter prinsipp og kriterium for motsegn i rundskriv nr. T-2/16, slik søknadene ligg føre og ut frå dagens kunnskapsgrunnlag.

Rovfuglregistreringar må følgjast opp i tråd med tilrådingane i konsekvensutgreiinga. Vi påpeikar at tre viktige naturtypelokalitetar ikkje er vurdert i konsekvensutgreiinga.

Vi viser til oversendte høyringsdokument og til e-post 8. august 2024 med utsett høyringsfrist.

Bakgrunn

RSK DA har utarbeidd revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa (sjå figur 1), på bakgrunn av innkomne krav frå Ullensvang og Suldal kommunar, og føringar frå NVE. Dokumentet omtalar ulemper ved utbygginga som er kjent for selskapet, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner gi grunnlag for reviderte vilkår.


I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 definerer revisjon av vasskraftkonsesjonar som «et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem



mer i tråd med dagens miljøstandarder.» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak. Aktuelle avbøtande tiltak som kan vurderast i revisjonen, er slepp av minstevassføring/miljøtilpassa vassføring, eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår, som gir heimelsgrunnlag til å kunne påleggje tiltak som fremjar naturmangfald og ulike brukinteresser.

Selskapet har òg søkt om konsesjon til å byggje og drive fem nye kraftverk, derav to pumpekraftverk i Vestland fylke; Røldal 2 pumpekraftverk, som vil utnytte fallet mellom Votnavatnet og Røldalsvatnet, og Novle 2 pumpekraftverk, som vil utnytte fallet mellom Votnavatnet og Valldalsmagasinet (figur 1, høgre kart). Maksimal pumpekapasitet vil vere $46 \text{ m}^3/\text{s}$ i Røldal 2, og $33 \text{ m}^3/\text{s}$ i Novle 2, noko som vil redusere vasstanden i Røldalsvatnet med inntil 0,75 meter i per døgn, og i Valldalsvatnet med inntil 2,0 meter per døgn. Om begge pumpekraftverka går med maks kapasitet, kan vasstanden i Votna auke med inntil 4,0 meter per døgn, utover effekten av det som kjem naturleg frå lokaltilsiget.

Dei nye kraftverka vil innebere nokre oppgraderingar av kraftnettet, men dette inngår ikkje i denne høyringa.



Figur 1 Eksisterande kraftverk og overføringer (venstre kart) og nye konsesjonssøkte OU-prosjekt (høgre kart), begge vist med raude linjer. Fylkesgrensene er vist ved svak streket linje. Henta frå konsesjonssøknad, kjelde NVE Atlas.

Vår vurdering

Saka gjeld både revisjon av vasskraftkonsesjon og konsesjonssøknad om fleire nye kraftverk, i område med nasjonalt viktig naturmiljø og svært viktige friluftsinteresser. Totalt er dette ei svært stor sak, og det er viktig at O/U-søknaden ikkje overskygger revisjonssaka som skal sikre meir miljøtilpassa vilkår for gjeldande regulering.

Det er utfordrande å få oversikt over alle detaljar som kan ha effekt innan våre ansvarsområde. Medan vi må ha eit noko overordna blikk på saka, vil lokale aktørar som kjenner området og reguleringseffekta ha viktige innspel, som må få kome fram og bli vurdert i saka.



Villrein

Størstedelen av revisjonsområdet ligg i Setesdal Ryfylke villreinområde, som strekker seg nord til E134 over Haukeli. Hardangervidda villreinområde ligg nord for europavegen. Det er viktige trekkpassasjar mellom dei to villreinområda, for utveksling av dyr og for å kunne nyte sesongbeite.

Villrein er raudlista i kategori «nær truga», og er truga frå mange hald; blant anna habitatfragmentering, auka ferdsel, hyttebygging, og i stor grad kraftutbygging. Magasin har demma ned trekkruter, og reinen har blitt stengt ute frå beiteområde eller vore tvungen over til nye passasjarar, som gjerne ikkje er like naturlege å nytte. Samstundes er det gjerne her anleggsvegane er lagt, og det er sti- og løypenet for turgåurar i dei same områda. Ved rehabilitering av damanlegg blir anleggsvegane gjerne brøya tidlegare, noko som òg opnar opp for anna og auka ferdsel.

Villreinen er ein nasjonal ansvarsart med eigen kvalitetsnorm, som vi har eit særleg ansvar for å ta vare på. Negativ bestandsutvikling er bakgrunnen for at det i år blei lagt fram ei eiga stortingsmelding om villrein. Meldinga omtalar historisk utvikling, utfordringar i dag, og kva som er regjerings konkrete mål for villreinen. Meldinga fremjar videre ny politikk for å nå tilstandsmåla for villreinen, innanfor fem satsingsområde:

- 1) Heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet
- 2) Auka tilrettelegging av villreinvenleg ferdsel
- 3) Betre villreinhelse
- 4) Meir berekraftig bestandsforvaltning av villrein
- 5) Målretta restaurering av villreinens leveområde

Tiltak og bruk av verkemiddel skal vere effektive og målretta.

Tiltaksplanar for sju nasjonale villreinområde, deriblant Hardangervidda villreinområde og Setesdal Ryfylke villreinområde ligg per no til behandling i Klima- og miljødepartementet. Her ligg det inne ei rekke konkrete tiltak, mellom anna om å regulere/redusere samla aktivitet i kjende flaskehalsar som hindrar funksjonelle trekkpassasjarar.

Revisjon av Røldal-Suldal-reguleringa

Ut frå kjende effektar av magasinutbygging, og handlingsrommet i ei revisjonssak, bør tiltak som kan lette trekkvegar og så langt som råd kan gjenskape tapte passasjarar, ha hovudfokus i revisjonssaka.

Anleggsvegane til Kaldevatnet og Middyrvatna ligg i viktige trekkkorridorar for villrein. Vegen til Kaldevatnet kryssar ein registrert trekkkorridor mellom det høgareliggjande området Kaldevassrustene i aust, og areala vest for vatnet. Ferdsel langs vegen til Kaldevatnet kan forstyrre trekk over dei viktige trekkkorridorane over Midtlæger og Dyrskar/Ulevåbotnen, som forbinder Setesdal Ryfylke villreinområde med Hardangervidda villreinområde. Dette gjeld òg vegen til Middyrvatnet, som ligg sentralt i trekkkorridoren Dyrskar/Ulevåbotnen nord for E134.

KU tilrår streng regulering av ferdsel til Kaldevatnet og til Middyrvatna, og dette bør følgjast opp i samråd med regional/lokal villreinforvaltning. Vi har ikkje funne noko i KU som gjeld eventuelle tapperestriksjonar i magasin for eventuelt å få att gamle trekkvegar i Vestland fylke.

Vi legg til grunn at eventuelle andre forslag om avbøtande tiltak, frå regional/lokal villreinforvaltning, òg blir vurdert i saka.

Dei høgast prioriterte tiltaka i KU er knytt til reguleringa av Holmavatnet, og vi viser til fråsegner frå Statsforvalteren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.




Røldal 2 og Novle 2 pumpekraftverk

KU har lagt til grunn at nye inngrep knytt til dei to pumpekraftverka vil ligge nær eksisterande inngrep, og på areal som er relativt lite eigna for villrein. Ei vidareutbygging vil likevel innebere relativt omfattande anleggsverksemd, og det skal byggjast ny veg og deponerast tunnelmasse ved Votna. Dette vil auke den samla belastinga for villreinen, og det blir mindre sannsynleg at denne delen av leveområdet vil bli brukt i framtida. Det kan altså bli vanskelegare å nå forvaltingsmåla som er sett gjennom kvalitetsnorma for bestanden og tiltaksplanane for bestandane.

Dei to pumpekraftverka vil innebere at vasstanden i Votna vil svinge monaleg meir enn i dag, sjå figur 2, med inntil fire meter auke per døgn i tillegg til effekten av naturleg tilsig. I KU er det forventa meir oppsprukken is og overvatn langs land enn i dag, og at dette vil gjere det vanskelegare for villreinen å trekke over isen, og mellom viktige funksjonsområde for to nasjonale villreinbestandar. Vi har ikkje funne noko i KU for revisjonen om og eventuelt i kva grad den store reguleringshøgda i intervallet 975 – 1020 m.o.h. allereie utgjer eit monaleg problem for vandringa over stien.

Begge dei to villreinområda er sett til «svært stor verdi» i KU, og vurderinga er at området blir «noe forringet», og dermed at tiltaket får «noe konsekvens». Konsekvensvurderinga skulle tilseie at trekk- og vandringsveg berre blir mindre alvorleg svekka, og vi stiller spørsmål ved om det kan vere basert på at vandringa over vatnet allereie er avgrensa på grunn av europavegen.



Figur 2 Magasinfallskurver (percentilplott) for Votna «BaseCase» (venstre) og etter utbygging (høgre) av Røldal 2 og Novle 2. Kjelde: Konsesjonssøknad.

Det er vedteke reguleringsplan for Dyrskartunnelen, som vil innebere ein lang tunnel mellom Røldal og Ulevåvatnet. Tunnelen vil føre til at dagens E134 ikkje vil lenger utgjere det same stengselet, og det vil vere håp om at villreinen kan ta opp att gammalt vandringsmønster mellom funksjonsområda som ligg nord og sør for dagens veg. Ny tunnel er understreka som eit svært viktig tiltak i tiltaksplanane for begge villreinområda. Det vil soleis vere svært uheldig om vintervandringa over Votna blir vanskeleggjort på grunn av ny vasskraftutbygging.

Vi vurderer, ut frå søknaden og dagens kunnskapsgrunnlag, at Røldal 2 og Nova 2 pumpekraftverk kjem i konflikt med tiltaksplanar for to villreinområde og nasjonale mål for villreinen. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning, og til § 4 om forvaltningsmål for naturtypar og økosystem og § 5 om forvaltningsmål for artar, i den same lova.

Anna naturmangfold

Det er omtalt i KU at det er fleire rovfuglhækkingar i området som kan bli påverka av OU-prosjekta, og det er føreslege oppfølgjande undersøkingar, mellom anna med lyttebokssar. Vi legg til grunn at alle sensitive artar blir følgde opp og ivaretake i tråd med tilrådingane i KU. Vidare ber vi om å få kome med meir spesifiserte innspel, om det er aktuelt å gå vidare i planlegginga av utbygginga.



Det er nyleg registrert tre lokalitetar med flaummarkskog langs Storelva som ikkje ser ut til å vere nemnd i revisjonsdokumentet eller vurdert i KU om naturmangfald for OU-prosjekta. Dette gjeld [Grave - flomskog \(NINFP2210094839\)](#), med høy kvalitet og moderat tilstand, [Medhus - flomskog \(NINFP2210095234\)](#), med høy kvalitet og moderat tilstand, og [Århus - flomskog \(NINFP2210095231\)](#), med moderat kvalitet og moderat tilstand.

All flaummarkskog er, naturleg nok, sterkt påverka av flaumvatn, og i eit regulert vassdrag vil det i stor grad bli bestemt av storleik og omfang av overløp frå inntaksdammar. Felles for dei tre lokalitetane er at dagens regulering i liten grad ser ut til å ha endra artsinventaret. Sidan nye pumpekraftverk vil føre til færre overløpsperiodar frå Valldalsvatnet og Votna, slik det er påpeika i konsesjonssøknaden, bør det vurderast om og i kva grad vidareutbygging vil påverke naturtypelokaliteten. Vi understrekar at dette er ein mangel i KU som må rettast opp.

Vil legg elles til grunn at Artskart blir sjekka for eventuelle raudlisteartar som er avhengig av fukt frå vassdraget, og at det blir vurdert nærmere om viktig naturmiljø kan vere påverka av reguleringa, og eventuelt bør vektleggjast når det skal fastsetjast nytt manøvreringsreglement. Eventuelle krav om slepp av minstevassføring/miljøbasert vassføring med føremål om betre fiskeproduksjon eller turverdiar, vil òg vere gunstig for vasstilknytt naturmiljø ved elva.

Vassmiljø

Kunnskapsgrunnlaget er därleg for fleire av dei aktuelle vassførekomstane, særleg elvane. Det er få vassførekomstar som har eit kunnskapsgrunnlag som gir høgare enn låg presisjon i Vann-Nett. Dette er lite problematisert i saksdokumenta. Mykje av undersøkingane som nå ser ut til å liggje inne i Vann-Nett, er ikkje reelle undersøkingar, men er lagt inn for å oppfylle kravet i Vann-Nett om eitt biologisk kvalitetselement til kvar sterkt modifiserte vassførekomst (SMVF). Undersøkingar av bekkar og elvar må i tillegg til biologiske parameter som botndyr og vassplanter, også gå inn på morfologiske vurderingar og undersøkingar.

Det bør gjennomførast undersøkingar som aukar kunnskapen om vassførekomstane som er påverka av Røldal-Suldal-reguleringa. Målet må vere å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å kunne klassifisere vassførekomstane med høg presisjon i Vann-Nett. Deretter kan ein finne eigna tiltak for å betre miljøtilstanden, og sette miljømål *Godt økologisk potensial* for kvar enkelt vassførekomst.

Landskap og friluftsliv

Reguleringsområdet omfattar svært viktige friluftsområde og innfallsportar til mellom anna Hardangervidda. Tilretteleggingstiltak for auka ferdsel kan kome i konflikt med tiltak som er foreslege i tiltaksplanane for villrein om å redusere ferdselen nokre stader/periodar av året i dei to villreinområda.


Bruk av tunnelmasse

Tunnelmasse frå tverrslaget Fossen (Røldal 2) og Votna (Novle 2) skal leggjast som utviding av eksisterande deponi ved Votna og nye deponi ved Fossen. Regulanten er i dialog med Ullensvang kommune om bruk av massen frå tilkomsttunnelen ved Røldal 2 til ulike samfunnsføremål i Røldal som er omfatta av kommunale reguleringsplanprosessar.

Overskytande masse er det ønska å dumpe i Røldalsvatnet for å opparbeide eit nytt areal rett ved elvemunninga. Vi oppfattar at dette òg vil bli omfatta av kommunal reguleringsplanprosess, og dermed ikkje vil inngå i eventuell vassdragskonsesjon og påfølgjande detaljplanprosess. Om det er aktuelt å gå vidare med desse planane, må dei òg avklarast/handsamast mellom anna etter forureiningslova, vassressurslova § 11 om kantvegetasjon, og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.



Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243, og til ressurspyramiden for overskotsmasse (sjå figur 3).



Figur 3 Ressurspyramide for handtering av overskotsmasse av jord og stein som ikke er forureina. Piler frå figuren viser til forklaring av dei ulike prioriteringane i pyramiden. Henta frå Statsforvaltaren i Vestland 2023.

Landbruk

Landbruk er ikkje omtalt i revisjonsdokumentet. Dei fulldyrka jordbruksareala finn ein nede dalbotnen, og det er beite i fjellområda.

Med vanleg forsvarleg jordbruksdrift vil det alltid vere ei viss avrenning av næringsstoff til vassdraga, og dei som driv med jordbruk skal følge regelverket for gjødselhandtering. Skal vasskvaliteten betrast, må alle gjere ein innsats på sitt område. Eventuell auka sommarvassføring i utbygde elvar vil utvilsamt vere positivt for resipientkapasiteten.

Anleggsvegar tilhøyrande kraftanlegget kan vere positive for beitenæringera med tanke på tilsyn og slepp av dyr. Vassdragsregulering kan ha påverka gjerdeeffekten i fjellområda, men vi reknar med at dette har vore vurdert og er kompensert i skjønnet etter utbygginga.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune	Opheimsgr. 31	5750	ODDA
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Statsforvalteren i Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL